



Arkivnr: 2019/10150-4

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Manglande evaluering frå Statens vegvesen Fv 567 Hosanger - Orientering frå fylkesrådmannen

Bakgrunn for saka:

I samband med handsaming av «RS 18/19 Statens vegvesen evaluerer ikkje omlegginga til ca 50 mill kr av fv 567 gjennom Hosanger» i møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 07.05.2019 vart det gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet ber konst. fylkesrådmann skriftleg orientere til neste møte om sitt syn på saka og om, og i tilfelle kva som er gjort/vil verta gjort frå Hordaland fylkeskommune si side i saka. Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 23.05.2019.»

Drøfting:

På bakgrunn av vedtaket over har vi motteke vedlagte notat frå fylkesrådmannen. Av notatet går det mellom annan fram at Statens vegvesen har starta arbeidet med å svare Lars Mjøs på hans henvending dagsett 29.03.2019. Det går vidare fram at dette vil verta utført før sumarferien.

Konklusjon:

Det vert tilrådd at kontrollutvalet tek informasjonen frå fylkesrådmannen til orientering. Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen sender kopi av svaret frå Statens vegvesen til Lars Mjøs, til utvalet innan 19.08.2019.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen frå fylkesrådmannen til orientering.
2. Vidare ber kontrollutvalet om at fylkesrådmannen sender kopi av svaret frå Statens vegvesen til Lars Mjøs, til utvalet innan 19.08.2019.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.

Vedlegg

- 1 Orientering frå fylkesrådmannen – manglande evaluering frå Statens vegvesen – Fv 567 Hosanger